

---

Saksnr: 2021/47447-2  
Saksbehandlar: Ragnhild Dalsbø

---

## Saksgang

| Utval                                  | Utv.saksnr. | Møtedato   |
|----------------------------------------|-------------|------------|
| Hovudutval for samferdsel og mobilitet |             | 26.10.2021 |
| Fylkesutvalet                          |             | 10.11.2021 |

## Førehandsvurdering av bompenggeopplegg for delvis bompengefinansiering av E16 Arna - Stanghelle

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune tilrår at Statens vegvesen startar utgreiing av eit fagleg grunnlag for bompengesak for E16 Stanghelle - Arna, basert på bompenggeopplegget som er føreslege av Statens vegvesen.
2. Vestland fylkeskommune ber Statens vegvesen vurdere ordningar som kan skjerme bebuarar langs sideveg for å ivareta nytteprinsippet.
3. Vestland fylkeskommune ber Statens vegvesen vurdere å stengje delstrekningane Trengereid - Vaksdal og Vaksdal - Stanghelle for gjennomkøyring, slik at vegen berre blir opna for å fungere som omkøyringsveg for E16.

### Samandrag

Strekninga E16 Arna - Stanghelle har tidvis store kapasitetsproblem, og har vore utsett for mange ras og ulykker med alvorleg omfang. Prosjektet med ny veg og jernbane mellom Arna og Stanghelle er planlagt å ha tre tunnelar, med korte dagsoner, og kryss i Vaksdal og på Trengereid. Målet for prosjektet er auka tryggleik og kapasitet, samt redusert reisetid. Prosjektet er tenkt finansierast av statlege midlar og bompengar frå 6 bomstasjonar, plassert på både ny veg og sideveg. Det vert føresett at Vestland fylkeskommune stillar med sjølvskuldnargaranti.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

John Martin Jacobsen  
seksjonssjef


*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Strekninga E16 Arna - Stanghelle er ein viktig veg mellom Bergen og Voss, og har nasjonal funksjon som hovudveg mellom Bergen og Oslo. Det er stor trafikk på strekninga, der dagens tofelts veg tidvis har store kapasitetsproblem, særskilt knytt til helgeutfarten til og frå Bergen. Strekninga har vore utsett for mange ras og ulykker med alvorleg omfang, og manglar ein omkøyringsveg med tilstrekkeleg standard og kapasitet.

Prosjektet med ny veg og jernbane mellom Arna og Stanghelle er planlagt å ha tre tunnelar, med korte dagsoner, og kryss i Vaksdal og på Trengereid. Kartet nedanfor viser korleis prosjektet er tenkt utforma.



Prosjektet er omtala i Nasjonal transportplan (NTP), Meld. St. 33 (2016-2017). Vedlagt er ei førehandsvurdering av Statens vegvesen (SVV) om ulike bompenggeopplegg for delvis bompengefinansiering av vegprosjektet. Der finn ein nærmare omtale av den tenkte utforminga av E16 Arna - Stanghelle. Målet for prosjektet er auka tryggleik og kapasitet, samt redusert reisetid.

Kostnadane for vegprosjektet føreset prioritering av midlar til jernbanen mellom Arna og Stanghelle, slik at jernbanetunnelane mellom Trengereid og Stanghelle kan fungere som rømmingstunnel for E16 på denne strekninga.

Sak om reguleringsplan for E16 Arna - Stanghelle var til hovudutval for samferdsel og mobilitet 6. oktober 2021 (sak 74/2021) og ein finn saka ved å følgje denne lenka:  
<https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/Details/6835?sourceDatabase=>


### Bompengesystem og rammer

Det er gjort trafikkberekningar med regional transportmodell (RTM), for bompenggeopplegg der ein berre etablerer bomstasjonar på ny veg. Resultata syner at det meste av trafikken då vil velje den bompengefrie sidevegen, dersom denne er open for gjennomgangstrafikk. Prosjektet vil dermed ikkje la seg finansiere som bompengeprojekt utan at det vert etablert bomstasjonar på sideveg. Lokaltrafikken på sidevegen vil få indirekte nytte av ny veg, gjennom betre framkome på vegnettet i området.

SVV sitt tilrådde bompenggeopplegg er vist i illustrasjonen under, med totalt 6 bomstasjonar. Bomstasjonane er plassert mellom kvart kryss på ny veg og sideveg, der trafikantar betalar for dei

delstrekningar dei nyttar. Det vil seie at gjennomgangstrafikantar som køyrer heile strekninga mellom Arna og Stanghelle betale meir, enn dei som berre nyttar delar av strekninga.

### Tilrådd bompengeopplegg



Det er lite busetnad på delstrekningane Trengereid -Vaksdal og Vaksdal-Stanghelle, men vegen vil truleg bli halden open, for å kunne fungere som omkøyringsveg til E16 ved stenging av tunnelane på strekninga. I SVV sitt tilrådde bompengeopplegg er det føresett at vegen er open.

### Innkrevjing

Det vert lagt til grunn etterskotinnkreving for prosjektet. Dette inneberer innkrevjingstart først etter at ny veg opnar for trafikk, og tek omsyn til nytteprinsippet, ved at trafikantane får nytte av prosjektet når dei betalar bompengar.

E16 Arna - Stanghelle vert bygd ut i to etappar, der delstrekninga mellom Arna og Trengereid opnar i 2028, og delstrekningane mellom Trengereid og Stanghelle opnar i 2034. På kvar av delstrekningane er innkrevjingstida 15 år. Det gjev bompengeprosjektet ei totalt innkrevjingstid på 21 år. Innkrevjinga for Arna - Trengereid skjer etter planen i perioden 2028-2042, mens Trengereid - Stanghelle vil ha bompengeinnkrevjing mellom 2034-2048. I perioden med innkrevjing i alle bomstasjonane betaler gjennomgangstrafikken (dei som passerer alle bomstasjonane) om lag 90 kr i gjennomsnittstakst.

### Takstar

I tabellen nedanfor er det vist grove utrekningar av kva nivå dei nominelle takstar ville ha vore i dag, med dagens retningslinjer og føringar, og med dagens samansetjing av køyretøyparken. Takstane i tabellen føreset totalt 21 års nedbetalingstid. Dei totale takstane vil gjelde i perioden 2034-2042, etter at innkrevjinga på Trengereid - Stanghelle tek til, og fram til innkrevjingslutt i Arna - Trengereid.

|                      | Takstgruppe 1                          |                       |                           | Takstgruppe 2    |                |
|----------------------|----------------------------------------|-----------------------|---------------------------|------------------|----------------|
|                      | Fossile/<br>nullutslepp<br>utan brikke | Fossile<br>med brikke | Nullutslepp<br>med brikke | Fossile          | Nullutslepp    |
| Arna - Trengereid    | Kr 35,00                               | Kr 28,00              | Kr 14,00                  | Kr 70,00         | Kr 0,00        |
| Trengereid - Vaksdal | Kr 35,00                               | Kr 28,00              | Kr 14,00                  | Kr 70,00         | Kr 0,00        |
| Vaksdal - Stanghelle | Kr 34,00                               | Kr 27,20              | Kr 13,60                  | Kr 68,00         | Kr 0,00        |
| <b>Totalt</b>        | <b>Kr 104,00</b>                       | <b>Kr 83,20</b>       | <b>Kr 41,60</b>           | <b>Kr 208,00</b> | <b>Kr 0,00</b> |

### Trafikkgrunnlag

SVV har nytta Regional transportmodell (RTM), for å rekne ut kva trafikknivå ein kan vente når prosjektet Arna-Stanghelle opnar for trafikk. Trafikken er venta å vere noko høgare etter at ny veg

er bygd, enn om vegen held fram som i dag. Innføring av bompengar vil truleg få ein avvisande effekt. Difor vil den nyskapte trafikken ikkje kome før bompengeneinnkrevjinga til prosjektet er avslutta. Nedgangen er likevel ikkje venta å vere større enn 3 prosent.

For å sikre eit bompengebidrag i tråd med det som er lagt til grunn i NTP 2022-2033, må ein for prosjektet ha 3 kr i gjennomsnittleg inntekt per km. Etter rabattar og fritak gjev det ein takst på 2 kr per km for takstgruppe 1 og 6 kr for takstgruppe 2<sup>1</sup>, jamfør dei grove utrekningane av nominelle takstar i tabellen over. Etter at fyrste byggetrinn Arna - Trengereid er opna i 2028, gir dette ein samla betalande årsdøgntrafikk (ÅDT) på ny veg og sideveg på totalt 10 900. Når neste byggetrinn opnar i 2034 vil denne trafikken reduserast til 10 550 i ÅDT, mens det vil vere om lag 6 000 i ÅDT på kvar av delstrekningane mellom Trengereid og Stanghelle.

#### Fritaksordningar

Gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S Tillegg 2 (2015-2016), er det lagt til grunn retningslinjer for takst- og rabattsystem, og inndeling i takstgrupper for bompengar. For å gje insentiv til auka brikkebruk, får alle køyretøy i takstgruppe 1 med gyldig AutoPASS-avtale og elektronisk brikke 20 prosent rabatt. Sidan det for takstgruppe 2 er innført obligatorisk krav om brikke, er det ikkje lagt til grunn rabatt for denne takstgruppa. Ein legg til grunn fritak som er fastsett gjennom takstretningslinjer for alle uniformerte og sivile uttrykingskøyretøy, og rutegående kollektivtrafikk etter søknad.

#### Nullutsleppskøyretøy

I følgje Prop. 87 S (2017-2018) kan nullutsleppskøyretøy får opptil 50 prosent bompengetakst, etter rabatt. Gjennomsnittstaksten blir påverka negativt av auka del med nullutsleppskøyretøy. Dersom ikkje regelverket vert endra innan 2028, vil særskilt delen med nullutsleppskøyretøy i køyretøyparken få stor betydning for kva nominelle takstar ein må legge til grunn, for å oppnå naudsynt gjennomsnittstakst i prosjektet. Ved opning i 2028 av E16 Stanghelle-Arna, er det venta mellom 55 og 75 prosent nullutsleppskøyretøy, men anslaget har stor uvisse.

#### Finansieringsopplegg

I NTP 2022-2033 er det sett av totalt 13 687 mill. 2021-kr til E16 Arna - Stanghelle, med 11 487 mill. kr i statlege midlar og 2 200 mill. kr i bompengar. Periodiseringa av midlar til prosjektet i NTP 2022-2033 er vist i tabellen nedanfor.

| Mill. 2021-kr   | 2022-2027 | 2027-2033 | Totalt |
|-----------------|-----------|-----------|--------|
| Statlege midlar | 4 300     | 7 187     | 11 487 |
| Bompengar       | 2 200     | -         | 2 200  |
| Totalt          | 6 500     | 7 197     | 13 687 |

Det er rekna med 2 200 mill. kr i bompengar til prosjektet i perioden 2022-2033. I moglegheitsstudien til SVV er bompengebidraget føresett å kome i perioden 2024-2026.

I tillegg kjem bompengar til dekking av finansierings- og innkrevjingskostnader. Det er rekna 3 857 mill. kr i samla bompengeneinntekt i prosjektet, der 1 481 mill. kr vil dekke finansieringskostnader (renter på lån) og 176 mill. kr i innkrevjingskostnader. Med totalt 6 bomstasjonar, vil bompengepakken ha innkrevjingskostnadar på om lag 12 mill. kr i året, i dei åra alle bomstasjonane er i drift.

#### Total bompengebelastning i området

Fleire etablerte bompengeprojekt eksisterer allereie i området rundt E16 Arna - Stanghelle. Det er stor uvisse i den totale bompengebelastninga, sidan samansetninga av køyretøy, og takst- og rabattsystem, kan endre seg en del fram mot 2028.

Dei fleste trafikantane som passerer bomstasjonar på E16 Arna - Stanghelle, vil og passere ein eller fleire bomstasjonar i bompengeprojektet Miljøløftet i Bergen kommune. Totalkostnad vil avhenge av tidspunkt på døgnet, sidan det er rushtidsavgift i Miljøløftet. I rushtida kan totalkostnaden bli nærare 150 kr for takstgruppe 1, før rabattar.

Trafikkantar i takstgruppe 1 som skal vidare på Rv. 7 Hardangerbrua (innkrevjingslutt før 2034), til Øygarden kommune, eller på E39 Svevatjørn - Rådal er venta ei total bompengebelastning på mellom 210 og 260 kr.

<sup>1</sup> Takstgruppe 1 omfattar køyretøy med tillat totalvekt til og med 3 500 kg og køyretøy i køyretøygruppe M1, medan takstgruppe 2 inneheld køyretøy med tillat totalvekt over 3 500 kg, med unntak av køyretøy i køyretøygruppe M1.

Enkelte igangsette bompengeprojekt vil bli avslutta før innkrevjinga langs heile E16 Arna - Stanghelle tek til i 2034; Vossapakko, Nordhordlandspakken, og Askøypakken. Bompengeprojektet E39 Ådland - Svegatjørn (Hordfast) er prioritert i NTP 2022-2033, men det er enno ikkje lagt fram stortingsproposisjon for projektet. På lenger sikt kan andre vegprosjekt i nærleiken og verte aktuelle for delvis bompengefinansiering. Den totale bompengebelastninga i området må vurderast på nytt dersom nye prosjekta skal delfinansierast av bompengar.

#### Vedtakskompetanse

Etter delegeringsreglementet for fylkesutvalet punkt 6 kan fylkesutvalet vedta eit fråsegn på vegner av Vestland fylkeskommune.

#### Vurderingar og verknader

Fylkesdirektøren meiner det er viktig at arbeidet med E16 Arna - Stanghelle kjem i gang. Vestland fylkeskommune har prioritert E16 Arna - Stanghelle høgast av alle statlege prosjekt i Nasjonal transportplan 2022-2033. Det er føresett at projektet er delvis bompengefinansiert.

Projektet vil ikkje la seg finansiere som bompengeprojekt, utan at det vert etablert bomstasjonar på sideveg. Lokaltrafikken på sidevegen vil få indirekte nytte av ny veg, gjennom betre framkome på vegnettet i området. Fylkesdirektøren støttar Statens vegvesen sitt tilrådde bompengeopplegg med totalt 6 bomstasjonar, der trafikantar betalar for dei delstrekningane dei nyttar. Fylkesdirektøren meiner likevel at det er viktig å finne ordningar som kan skjærme bebuarar langs sidevegen, slik at ein sikrar ivaretaking av nytteprinsippet.

Fylkesdirektøren viser til punkt 3 i Statleg reguleringsplan for E16 (sak 74/2021 i hovudutval for samferdsel og mobilitet 06.10.21). Delstrekningane på noverande E16 Trengereid-Vaksdal og Vaksdal-Stanghelle vil ha ei svært liten resttrafikk, og vegen vil ikkje ha ein regional funksjon. Vegen er rasfarleg og har mange tunnelar. Funksjonen til vegen vil i første rekkje vere som omkøyingsveg for E16 ved stenging av tunnelar. Fylkesdirektøren meiner difor at desse delstrekningane ikkje bør omklassifiserast til fylkesveg, men framleis ha status som riksveg. Det bør vurderast om vegen skal stengjast for gjennomgangstrafikk, slik at den berre blir opna når den fungerer som omkøyingsveg.

#### Økonomi:

Projektet er føresett delfinansiert gjennom bompengar, og det er lagt til grunn at staten bidreg med 11 487 mill. 2021-kr for perioden. Fylkeskommunen skal ikkje bidra med midlar til projektet, men det vert føresett at Vestland fylkeskommune stiller med sjølvskuldnargaranti.

#### Klima:

I bompengeperioden vil det vere noko trafikkavvising, og reduserte klimagassutslepp.

#### Folkehelse:

Betre vegar fører til betre tryggleik i trafikken, både for billistar og mjuke trafikantar.

#### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Vestland fylkeskommune har prioritert E16 høgast av alle statlege prosjekt i Nasjonal transportplan 2022-2033.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at Statens vegvesen startar utgreiing av eit fagleg grunnlag for bompengesak for E16 Stanghelle - Arna, basert på bompengeopplegget som er føreslege av Statens vegvesen.